



avd Sogn og Fjordane

ÅRSMELDING 2021

Styret har vore samansett slik:

Leiar:	Bjarne Horsevik	ikkje på valg
Nestleiar:	Endre Hellebust	på valg
Kasserer:	Per Lien	på valg
Sekretær:	Vidar Lægreid	ikkje på valg
Styremedlem:	Eivind Bell	ikkje på valg
Styremedlem:	Arne Kjell Fimland	på valg
Styremedlem:	Jonfinn Alme	på valg
Vara:	Olav Grinde	på valg
Vara:	Ivar Møgster	på valg
Revisorar:	Reidar Holsen og Leonard Birkeland	på valg
Valnemnd:	Kurt Magne Neset (leiar), Audun Hovland, Oddmund Frøysland	

Møter/medlemstal m.m.

Vi har i 2021 hatt 2 styremøter og behandla 21 saker. Sakene vi har behandla er; søke landstreff i 2024, som vi har vorte tildelt, søknad om kulturmidler til Bremangerbussen, der har vi fått bevilga kr. 50.000, feiring av 30-års jubileet og boka for jubileet, SMS løysing for våre medlemmer, veteranbusstreffet i Førde 2021, som vart avlyst grunna corona. Året 2021 har og vore spesielt p.g.a. coronaen. Ved utgangen

av 2021 har vi 173 medlemmer. Det har vore godt samarbeid om sakene i styret.

Arrangement som vi har vore med på i 2021:

Vi var med i bilkortesje på 17. mai i Førde.

Turar:

Det har vore dårleg med turar i 2021, men vi var til Bismo på opninga av museet til Helge Skjåk den 10. juli og vi var på julebord på Oset høgfjellshotell 02.-04.12.

Vinterlagring.

TV-11916, S-7038, S-7097, TV-65595 og TV-37939 står i Bygstad. S-359 står i garasjen på Flåten i Haukedalen. Bremangerbussen står i garasjen til Firda Billag i Haukedalen. S-3020 og S-3136 står i garasje på Hafslø. TV-38387 står på Team verkstad i Lærdal. S-22 står i oppvarma garasje i Lærdal.

Arbeid med bussane:

Etter at vi hadde EU-kontroll på TV-37939, var det ein del å gjere med den, bl.a. bremsar og styring m.m. Vi har gjort mykje, men det står att arbeid med bremsene framme, belgar på styreledd og dørsylinder. (delene har vi fått tak i i Danmark). På ryggbussen har vi overhaldt bremsene bak og hovudsylinder. Deler til den fekk vi og tak i i Danmark. På S-7038 har vi reparert bremsene bak på høgre side og div. lys etter EU-kontroll. (den er fortsatt ikkje godkjent, blir det i mai.) På S-3136 har det vore ein stor påkost på kr. 104.023. Det har vore lenge store rustskader kring sidevindu og takvindu og litt andre ting, så no er denne bussen i god stand. På TV-38387 vart det brann og den vart kondemnert, men vi hadde brannforsikring og fekk utbetalt kr. 105.000 minus eigenandel. Så fekk vi behalde bussen. Etter kontakt med Tema

verkstaden i Lærdal, ga dei ein pris på reparasjonen, som vi godtok, så dei har halde på med den i vinter og er no ferdig.

Økonomi:

Vi har eit overskudd på kr. 6.474 i 2021. Det totale utlegget har vore på kr. 160.604. Vi jobbar heile tida med å få nye sponsorar og i fjor fekk vi ein del nye. Vi har fått støtte frå NHO Vestland, på kr. 40.000 for 2020 og 2021, men det vart ikkje utbetalt før i 2022. Håpar vi får støtte i 2022 og. Slik sett ser ikkje dette så galt ut.

Sponsorar:

Firda Billag, Toyota Nordfjord/Førde, Biltreff A/S, Steinvik fiskefarm, Sunnfjord Betong A/S, Førde Sementvarefabrikk A/S, Magne Hafstad A/S, Fellesforbundet Sogn og Fjordane, TruckNor Firda A/S, Førde Vulk A/S, Bildeler Førde A/S, Tide Buss Sogn, Bilhuset A/S, Firdaklubben, YTF, Luster Kommune, NHO Vestland, Bremanger Kommune, Amfi Sogningen, DACO Mekaniske, Team Verkstad Lærdal, gåve frå Luster Sparebank og gåve Sogn Sparebank, vi har fått kulturmidler frå Sunnfjord Kommune. Skei Servicesener sponsar møtelokale og middag til alle årsmøtedeltakarane.

RHF/SFJ retter ei stor takk til alle desse!!!!

Bladpakking.

P.g.a. overgang til nytt trykkeri 2.halvår i 2021, har vi pakka berre 2 nr. av bladet.

Arne Ødegård, Jon Frøysland, Else og Audun Hovland, Wenche og Bjarne Horsevik, Håkon Råheim, Per Lien, Arne Kirkelid, Bjarne Lammetun og Roald Herstad.

Arbeid i rustholet:

Arne Ødegård, Håkon Råheim, Bjarne Horsevik, Ivar Møgster, Audun Hovland, Bjarne Aasen, Gunnvard Smådal og Roald Herstad. Så ei stor

takk til Jon Frøysland, som vanleg i mange år har passa på tomflasker og panta dei.

Vi vil rette ei stor takk til alle, som har vore med å jobba for klubben i 2021.

Bjarne Horsevik

Endre Hellebust

Per Lien

Vidar Lægreid

Eivind Bell

Arne Kjell Fimland

Jonfinn Alme

Olav Grinde

Ivar Møgster